



DEN NORSKE KYRKJA

Møteprotokoll

Bjørgvin bispedømeråd : Bispekontoret, den 23.08.2010

Tilstades i møtet:

Medlemmer:

Magne Skjeldal, Roar Strømme, Henny Koppen, Egil Morland, Ingmar Ljones,
Bodil Birkenes, Monica Ugulsvik, Tone Synnøve Ø. Steinkopf og biskop Halvor Nordhaug.

Egil Morland var fråverande i sakene 064 – 067/10.

Andre:

Stiftsdirektør Helge Taranrød (alle saker)

Seksjonsleiar for personal og service Gunvor Taule Mjanger (alle saker)

Tenestemannsrepresentant Kjersti Brakestad Boge (sak 056/10)

Rådgjevar Jens Meyer (sak 059/10)

Rådgjevar Kristin Lødøen Hope (sak 063/10)

Seksjonsleiar for kyrkjefag Tore Skjæveland (064/10)

Rådgjevar Astrid Fylling (sak 064/10)

Saker som er handsama:

054/10 – 067/10

Underskrifter:

Magne Skjeldal (leiar)

Halvor Nordhaug

Bodil Birkenes

Cathrine Halstensen

Henny Koppen

Ingmar Ljones

Egil Morland

Roar Strømme

Monica Ugulsvik

Tone Synnøve Øygaard Steinkopf

Utskrifter:

Medlemer, varamedlemer, administrasjonen, prostane i Bjørgvin, Presteforeininga,
TeoLOGene, dei andre bispedømekontora, Kyrkjerådet og KKD.

Sakliste

Saksnr.	Arkivsak	Sakstittel	Å/L
054/10	10/123	Godkjenning av innkalling og sakliste	Å
055/10	10/122	Godkjenning av møtebok	Å
056/10	10/43	Sentrumsprest i Bergen domkirke menighet - Bergen domprosti	L
057/10	08/22	Fast tilsetjing av kapellan i Søreide sokn - Fana prosti	L
058/10	10/135	Omgjering av kapellanstillinga i Landås menighet	Å
059/10	10/107	Reglar for kyrkjevalet 2011	Å
060/10	10/18	Bjørgvin bispedømeråd - møteplan 2011	Å
061/10	06/297	Oppnemning av medlemmer til Kirkens Nødhjelp 2011 - 2014	Å
062/10	08/197	Oppnemning av integreringsutval	Å
063/10	05/391	Oppnemning av trusopplæringsutval i Bjørgvin	Å
064/10	05/361	Samarbeid Menighet og Misjon (SMM)	Å
065/10	10/117	Høyring - Endringar i gravferdslov og kyrkjelov	Å
066/10	10/136	Stiftsdirektør - Bjørgvin bispedøme	L
067/10	10/121	Referat- og orienteringssaker	Å/L

054/10: Godkjenning av innkalling og sakliste

BBDR-054/10 23.08.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjende.

Følgjande saker vert handsama for lukka dører:

056/10 - Tilsetjing sentrumsprest i Bergen domkirke menighet

057/10 – Tilsetjing kapellan Søreide menighet

066/10 - Utlysingstekst stiftsdirektørstillinga

055/10: Godkjenning av møtebok

BBDR-055/10 23.08.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Møtebok for møtet den 25.05.2010 vert godkjent slik ho ligg føre.

056/10: Sentrumsprest i Bergen domkirke menighet - Bergen domprosti

BBDR-056/10 23.08.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd tilset på faste vilkår i stillinga som sentrumsprest/spesialprest, stillingskode 1465, med tenestestad Bergen domkirke sokn og Bergen domprosti som tenestedistrikt

1. Anna Bäckström Hovda
2. Ketil Nødtvedt
3. Knut Kaldestad

057/10: Fast tilsetjing av kapellan i Søreide sokn - Fana prosti

BBDR-057/10 23.08.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd tilset Sindre Skeie på fastsette vilkår i stillingen som kapellan, stillingskode 0922, med Søreide sokn som tenestestad og Fana prosti som tenestedistrikt

058/10: Omgjering av kapellanstillinga i Landås menighet

BBDR-058/10 23.08.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

1. Bjørgvin bispedømeråd har handsama sak om omgjering av prestestilling som kapellan i Landås sokn til prostiprest med delt tenestestad mellom Landås sokn og ungdomsarbeid i prostiet elles.
2. Bispedømerådet vedtar den føreslegne omgjeringa av prestestillinga.

059/10: Reglar for kyrkjevalet 2011

BBDR-059/10 23.08.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

1. Bjørgvin bispedømeråd har handsama høyringssak om ordning for val og sokneråd og val av bispedømeråd.
2. Bispedømerådet er positive til dei endringane som er føreslegne når det gjeld valordninga for sokneråd.
3. Bispedømerådet meiner at val av sokneråd ikkje skal knytast opp mot andre offentlege val.
4. Bispedømerådet vil og vise til erfaring frå forsøksordninga med preferanseval ved val av bispedømeråd i 2009, der mange veljarar opplevde valordninga som komplisert og at det var vanskeleg å setje seg inn i kva kvar enkelt kandidat stod for.
5. Samla sett vil Bjørgvin bispedømeråd primært tale for at bispedømeråd og utsendingar til Kyrkjemøtet vert valde ved indirekte val.
6. Sekundært vil Bjørgvin bispedømeråd gjennomføre bispedømerådsvale der tre kandidatar vert valde gjennom direkte val og fire gjennom indirekte val.

060/10: Bjørgvin bispedømeråd - møteplan 2011

BBDR-060/10 23.08.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Bjørgvin bispedømeråd har vedteke møteplan for 2011 i samsvar med administrasjonen sitt framlegg.

061/10: Oppnemning av medlemmer til Kirkens Nødhjelp 2011 - 2014

BBDR-061/10 23.08.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

1. Bjørgvin bispedømeråd oppnemner Ivar August Bye som medlem i representantskapet for Kirkens Nødhjelp i perioden 2011 – 2014.
2. Hege Feet Askvik vert oppnemnd som vara i same periode.

062/10: Oppnemning av integreringsutval

BBDR-062/10 23.08.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Bjørgvin Bispedømeråd oppnemner følgjande medlemmer til integreringsutvalet/utval for utviklingshemma i perioden 1. august 2010 – 30. juni 2012:

- Kristine Bech-Sørensen
- Per Barsnes
- Bodil Dyrøy Bredholt
- Kari Elster Moen

Bispedømerådet opnar for supplerings av utvalsmedlemmer i perioden.

063/10: Oppnemning av trusopplæringsutval i Bjørgvin

BBDR-063/10 23.08.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Bjørgvin Bispedømeråd oppnemnar følgjande medlemmer til utval for trusopplæring for perioden 1. august 2010 – 30. juni 2012:

- Rune Øystese
- Mari Saltkjel med Peter Rikard Johansen som vikar i perioden 1. aug 2010 – 30. juni 2011
- Inger Elisabeth Aarvik
- Bodil Dyrøy Bredholt
- Jorunn Vidnes
- Ingvald Andersen Frøyen

064/10: Samarbeid Menighet og Misjon (SMM)

BBDR-064/10 23.08.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Bjørgvin Bispedømeråd handsama i møtet 23.8.10 SMM strukturen og høyringa og gjev følgjande svar:

Bjørgvin bispedøme har misjonskonsulent/rådgjevar for misjon i 50% stilling. Avhengig av kven som har hatt stillinga har det vore kombinert med rådgjevar for diakoni eller ungdomskonsulent. Erfaringane med dette er gode, sjølv om det i slike kombinerte stillingar er ein fare for at den eine oppgåva i periodar får størst merksemd og at det går ut over den andre. Til alle stillingar på kontoret høyrer det med ein del møteverksemd, administrasjon og deltaking i felles prosjekt. Ein ser det som positivt at misjonsrådgjevaren er med på felles prosjekt i bispedømet, som kursing av nye sokneråd og innføring i trusopplæringsreforma for nye prosti .

I dei tre åra det var kombinasjon med ungdomskonsulent fekk ein til ei tydeleg satsing på ungdom og misjon som bl.a. resulterte i at ungdomsrådet hadde representantar på misjonstur og orienterte om misjon i ungdomsmiljø og at ein har hatt misjonsprosjekt særleg retta mot ungdom og etter eit mislykka forsøk fekk ein våren 2010 arrangert ein konferanse om ungdom og misjon med svært god oppslutnad.

Det er og gjort eit godt og systematisk arbeid med misjonsavtalar, og Bjørgvin er det bispedømet som har flest misjonsavtalar. Det er tyngre å få med seg dei siste kyrkjelydane som enno ikkje har oppretta avtale, av og til med den grunngeving at det er så mykje misjonsarbeid i kyrkjelyden at soknerådet ikkje vil prioritera ein organisasjon framfor andre.

1. Korleis synest de noverande modell med misjonskonsulentar og regionale SMM-råd fungerer?

- Bør ein halda oppe samarbeidet om stillingane? (Tankar om arbeidsgjevarforhold, styring, økonomi etc.)
- Kva inneber det for samarbeidet at desse stillingane er felles?

Vi synes absolutt at ein skal samarbeida om stillingane og har ikkje ynskje om endring i den økonomiske modellen eller i arbeidsgjevaransvaret. Det er ein fordel å ha stillinga på bispedømekontoret. Samarbeidet i seg sjølv skaper både eigarskap og legitimitet til stillinga. Det er med å understreka at misjonsoppdraget er eit felles oppdrag for kyrkja der kyrkjelydane har kontaktflata i Noreg og misjonsorganisasjonane har ekspertisen og kontaktflata i andre land. I tillegg hjelper samarbeidet til å gi misjonsorganisasjonene legitimitet i forhold til kyrkjelydane slik at dei lettare kan nå fram både med ekspertise/informasjon og med ynskje om støtte både med forbøn og økonomi. Frå bispedømet si side er samarbeidet ei stadig påminning om at misjonsrådgjevarstillinga ikkje kan brukast til så mange andre ting i kvardagen der oppgåvene står i kø.

- Ynskjer de å vidareutvikla eksisterande modell, eller ser de for dykk ein annan og betre modell? I så fall kva for ein?

Vi vil utvikla den eksisterande modellen i tråd med utviklinga som har skjedd dei siste åra. Vi ser også for oss at misjonsrådgivaren er meir aktiv når det gjeld kyrkjelydsutvikling og trusopplæring fordi dette er svært viktige område som kan understreka og hjelpa kyrkjelydane til eit auka misjonalt medvit lokalt.

- Dersom ein eller fleire av partane vil trekka seg frå det regionale samarbeidet, vil då BDR kunna kompensera sitt økonomiske bidrag for å halda på misjonskonsulentstillinga/stillingsstorleiken?

Samarbeidet er viktig, utan det vert det ikkje mogeleg å halda oppe denne stillinga.

Dersom SMM-samarbeidet går i oppløysing eller nokon av partane trekker seg vil bispedømet ha problem med å skaffe økonomi til stillinga. Sjølv om det er ynskjelig å ha misjonskompetanse på bispedømekontoret vil det verta vanskeleg å vidareføra stillinga i si noverande form, men kanskje som ein del av t.d. trusopplæring.

2. Korleis er forholdet mellom det valde BDR og SMM?

- Korleis er synleggjøringa av SMM i planer og rapporter?

Misjon er nemnt i den noverande strategiplanen i bispedømet, men er korkje eit særleg eller eit tydeleg satsingsområde. SMM-samarbeidet er ikkje nevnt i strategiplanen, men i den årlige tiltaksplanen. Det vert jobba for at partane i SMM kan verta meir synleg i regionale møtepunkt både for ungdom og vaksne. Når det gjelder trusopplæring blir SMM-organisasjonene sine tilbod til born og unge dratt fram.

- Korleis fungerer kontakten mellom bispedømerådet og misjonskonsulenten – har de tankar om korleis denne om ynskjelig kan styrkast?

Det er ikkje så mye direkte kontakt mellom BDR og rådgivaren utanom når BDR handsamar saker som har med misjon å gjera. BDR har ein representant i SMM-rådet og der er kontakten større. Arbeidet i SMM-rådet kan utvilsamt bli betre og tettare. Utfordringa no er at talet på tilsette i dei ulike organisasjonane søkk og presset på dei som er att aukar slik at tidsbruken vert meir pressa. SMMsamarbeidet kan nok bli ein salderingspost når presset aukar.

3. Korleis er kontakten mellom kyrkjelydane og SMM når det gjeld på:

- Misjonskonsulentens si rolle.

Misjonsrådgjevaren er ofte eit bindeledd mellom kyrkjelyd og SMM, spesielt i forhold til kyrkjelydar som tradisjonelt ikkje har hatt så stort misjonsengasjement.

Misjonsrådgjevaren er ein dørøpnar inn til sokneråda. Misjonsrådgjevaren har også ansvar for heilskapen når det gjelder misjonsavtaler i bispedømet. Ho har oversikta og tar initiativ til å få etablert nye avtalar. I tillegg gjev kontakten med biskopen tyngde til kontaktpunkta.

- Det regionale SMM-rådet.

I Bjørgvin har ikkje SMM-rådet så mykje direkte kontakt med kyrkjelydane.

Misjonsrådgjevaren opererer saman med organisasjonane enkeltvis i møte med kyrkjelydane, men ikkje rådet samla. Det er samtidig ein stor lojalitet mellom organisasjonane innbyrdes slik at når ein organisasjon tar kontakt med ein kyrkjelyd, er det på vegne av alle og dei kan også formidla vidare ynskjer om avtalar dersom kyrkjelydane ynskjer ein annan organisasjon. I Bjørgvin har spesielt Normisjon fungert slik i forhold til NMS.

- Finst det statistikk på talet på besøk eller andre kontaktpunkt med kyrkjelydar/sokneråd/stab/prestar/prostar etc.?

Det finnes ikkje særskilt statistikk fordi misjon ofte er med som ein del av ein heilskap, spesielt i forhold til trusopplæring og kyrkjelydsutvikling. Rådgjevaren har ofte misjon med i dei kontaktpunkta som eigentleg har andre hovudtema. Dette fordi misjon er eit utgangspunkt for arbeidet og misjonar tenking lokalt handlar om ein måte å vera kyrkjelyd på. Samtidig er det ein fare for at misjon ofte blir lite konkret. Misjon vert i liten grad etterspurd av kyrkjelydane, det er eit tema som heile tida må "seljast" og som har ein del motstand og dårlig samvit knytt til seg. Men over tid ser vi ei utvikling der misjon meir og meir vert opplevd som ein del av kyrkjelyden sitt arbeid og ansvar. Vi har ein biskop som seier at misjons-organisasjonane sin dårlige økonomi er ei skam for kyrkja og det er med på å plassera misjonsansvaret der det høyrer heime.

- Har de tankar om korleis kontakten mellom kyrkjelydar og misjonsorganisasjonar kan videreutviklast gjennom SMM?

Den kontakten som er no, dreier seg i stor grad om misjonsavtaler og misjonsinformasjon, - altså ein kontakt kan opplevast som om kyrkjelydane hjelper organisasjonane til å eksistere, men at denne kontakten ikkje nødvendigvis blir ein naturleg del av kyrkjelydslivet.

Vi vonar at utviklinga vidare vil gå mot eit meir gjensidig forhold, der organisasjonane i større grad kjem inn på kyrkjelydane sin "bane" med noko kyrkjelydane treng og opplever som viktig. Dette viser seg meir og meir i trusopplæringa der misjonsorganisasjonane har mange opplegg/tiltak og ei tenking som kyrkjelydane spør etter. Det vil føra til eit meir naturleg samarbeid der forskjellen på "ute" og "heime" i realiteten blir mindre. Vi ser også for oss ei auke av kontakt mellom t.d. konfirantar og organisasjonar, men og større ungdomar som er på veg ut i studentlivet og utanlandsstudier. Dette vil vera ein udelt ressurs både for den enkelte ungdom, kyrkjelyden han/hun tilhøyrer og organisasjonen. Vi synes også at organisasjonane si rolle som eit "korrektiv" til kyrkja si tenking og handling er god. Misjonsorganisasjonane forvaltar hovudoppgavet til ei kvar kristen forsamling og dette samarbeidet er med på å halda kyrkja på plass i dette oppdraget når kyrkja vert pressa frå mange hald. Vi synes denne rollen har vore tydeleg dei siste åra og at samarbeidet har gjeve organisasjonane rom til å fylla den.

065/10: Høyring - Endringar i gravferdslov og kyrkjelov

Medlemet Roar Strømme gjorde framlegg om at bispedømerådet skal leggje til følgjande merknad: Bispedømerådet føreset at dei prestane som får utvida tenestedistrikt ikkje får dårlegare vilkår enn dei som allereie har fått utvida tenestedistrikt.

(2 røyster for. Framlegget vart ikkje vedteke.)

BBDR-065/10 23.08.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Bjergvin biskop og bispedømeråd gjev sams uttale om dei føreslegne endringane i gravferdslov og kyrkjelov.

Gravferdslova

Bjergvin biskop og bispedømeråd meiner framlegget til endringar i gravferdslova i stor grad høver med korleis kyrkjeleg fellestråd i dag praktiserer gravferdsforvaltninga med respekt for alle og ei praktisk tilrettelegging for ulike grupper sine ønskje, så langt det er råd.

Ein del punkt i framlegget må kommenterast.

Frå kyrkjegard til gravplass/gravlund

Det bør ikkje by på problem å bruke ei meir nøytral nemning enn "kyrkjegard", men "gravlund" er eit lite nytta omgrep dei fleste stadar på Vestlandet, det vil difor vera betre å bruka nemninga "gravplass" i lovteksten. Det ville også høva betre med nynorsk rettskriving.

Vigsling

Etter gjeldande lov (§ 5), har Den norske kyrkja og registrerte trussamfunn som er verksame på staden, høve til å vigsle kyrkjegard eller delar av den. I framlegget til endra § 5 er "vigsle" erstatta med "gjennomføre en seremoni". Vi føreset at endringa ikkje er til hinder for at kyrkja kan halde fram med si vigsling. Samstundes er dette ikkje til hinder for at andre trus- og livssynssamfunn kan gjennomføra sine eventuelle seremoniar.

Lovframlegget opnar for at "Tros- og livssynssamfunn som er virksomme på stedet" kan gjennomføre seremoni når ein ny gravplass skal takast i bruk. Dette vil i praksis gjelde organiserte samfunn, anten dei er registerførte eller ikkje (jf. Lov om trudomssamfunn og ymist anna). Også dette er etter vår meining ei god endring.

Det vert lagt opp til at dei som utfører seremonien ikkje "forhåner eller på en krenkende eller sårende måte viser ringeakt for andre tros- eller livssynssamfunn som gravlegger sine medlemmer på den samme gravlund". Dersom dette likevel skulle henda, er det uklart kven som skal handtera ein eventuell klage?

Når det gjeld gravferdslova § 6, vil bispedømerådet meine at dei økonomiske ansvaret må leggest til heimkommunen til vedkomande som skal opne grav.

Kyrkjelova

Dei endringane som er føreslegne er etter vår meining saksvarande tilpassingar til ny tenesteordning for prestar og endringar i gravferdslov, barnelov og offentlighetslov. Det er på sin plass at kyrkja får same høve til å be om politiattest for dei som skal arbeida med born som frivillige organisasjonar har det.

Også i kyrkjelova bør kyrkjegard endrast til gravplass og ikkje til gravlund, då dette er meir bruka ord over heile landet.

Ein vil og peika på at det er trong for ei endring av §3 i Tenesteordning for biskop der det står: "Biskopen forordner gudstjenester i bispedømmets prestegjeld, ..". Her foreslår vi å stryka ordet prestegjeld slik at det står ..i bispedømmet, ..

Bispedømerådet vil meine at biskopen sin rett til å oppnemne prestar i soknerådet (kyrkjelova §6), ikkje må praktiserast slik at relasjonen mellom soknet og soknepresten vert svekka.

Bispedømerådet legg til grunn at alle som skal røyste ved utnemning av biskop, skal vere medlem i Den norske kyrkja, jf. kyrkelova § 29. Dette må og gjelde professorar ved dei teologiske fakulteta.

066/10: Stiftsdirektør - Bjørgvin bispedøme

BDDR-066/10 23.08.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

1. Bispedømerådet drøfta utlysingstekst for stiftsdirektørstillinga.
2. Bispedømerådet oppnemner seksjonsleiar Gunvor Taule Mjanger til å leia innstillingsrådet i saka om tilsetjing av ny stiftsdirektør.

067/10: Referat- og orienteringssaker

BDDR-067/10 23.08.2010 Bjørgvin bispedømeråd vedtak:

Dei framlagde sakene vert tekne til orientering.